

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 22.03.2007
Sakhandsamar: Gjertrud Jacobsen
Saka gjeld: **Fagleg rapportering 2006 frå det regionale samarbeidsorganet - forskingsprosjekt, nasjonale funksjonar, nasjonale og regionale kompetansesentra**

Arkivsak
2007/228/
Styresak 038/07 O

Styremøte 11.04. 2007

Bakgrunn:

"Faglig rapportering 2006" omfattar årsrapporter frå forskingsprosjekt som har fått midlar fordelt av Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger, og rapporter frå regionen sine høgspesialiserte tenester. Bidraga som inngår i rapporten vert samla inn gjennom eit elektronisk rapporteringsskjema (eRapport), og det er fjerde år at rapporteringa vert gjennomført på denne måten. Rapporten følgjer vedlagt

I 2006 løyvde Helse Vest RHF 101 millionar kroner til forskning (inkl. 10 millionar kroner til psykiatri). Vidare blei det ytt ca. 63 millionar kroner til medisinske kvalitetsregister og regionale og nasjonale kompetansesenter.

Kommentarar:

Faglig rapportering 2006

Rapporten tener fleire formål:

- 1) den inngår som del av rapporteringsplikta til sentrale myndigheiter (HOD/Sh-dir) og som grunnlag for tildeling av midlar til forskning
- 2) den er utgangspunkt for vurderingar om behov for endringar og oppfølging i forhold til mellom anna myndigheitskrav
- 3) forskingsrapportane vert brukt til forskingsformidling, mellom anna gjennom "Ukens forskningsprosjekt" som vert lagt ut på Helse Bergen si nettside¹ og ved at rapportane vert lagt i et søkbart forskingsregister som er tilgjengelig for alle gjennom Samarbeidsorganets nettside²

¹ <http://www.helse-bergen.no/forskning/>

² <http://www.helse-bergen.no/forskning/samarbeidsorganet/forskningsregisteret/>

4) bidragsytarane til rapporten får noko tilbake for rapporteringsinnsatsen. Dette var eit av hovudformåla for innføringa av eRapport, og har ført til den unike situasjon at stadig fleire ønskjer å rapportere meir.

Omfang og innhald


Rapporten inneheld rapporter frå regionens landsfunksjonar (4), fleirregionale funksjonar (6), nasjonale kompetansesentra (13) og regionale kompetansesentra (6). Den inneheld også rapporter frå 209 forskingsprosjekt. I 2006 var det vel 17 % fleire prosjekt med rapporteringsplikt i forhold til 2005.

Rapporten er delt i fire deler: Del 1) Hovudinstrykk frå alle årsrapportene, del 2) presentasjon av dei høgspesialiserte tenestene, del 3) presentasjon av forskingsprosjekta, og del 4) lister og register.

Hovudtrekk

Forskningsproduksjonen i 2006 er stort sett på same nivå som 2005, men sidan 2003 har det vore ei klar auke i talet på rapporterte vitenskaplege artiklar og andre forskningspublikasjonar, (sjå figur 1 under). Talet på avlagte doktorgrader ligg på eit stabilt høgt nivå. Auken i forskningsproduksjonen er forventa å fortsette, ikkje minst på bakgrunn av den kraftige satsinga på forskarutdanning som Samarbeidsorganet har stått for sidan opprettinga i 2002. Rundt 70 stipendiatar blei i 2006 finansiert av Helse Vest sine forskingsmidlar og den første store gruppa av desse, dvs. dei som fekk stipend i 2003/2004, vil gjere seg ferdige i løpet av 2007.

Figur 1: Vitenskaplege artiklar og andre forskningspublikasjonar 2003 – 2006



Som ein del av rapporteringa har dei prosjektansvarlige klassifisert prosjekta sine i forhold til forskningskategori og fagfelt. I tillegg registrerer dei eventuell tilknytning til dei høgspesialiserte tenestene i Helse Vest og til dei nasjonale strategiområda i Nasjonal helseplan.

Det er flest forskingsprosjekt innan kategoriane *klinisk forskning* (44 %) og *translasjonsforskning* (28 %). *Grunnforskning* og *epidemiologisk forskning* utgjør knapt 12 % kvar, mens 5 % av prosjekta er klassifisert under *helsetenesteforskning*.

46 % av prosjekta er forskning innan fagfelte kreft, psykisk helse, hjerte/kar og endokrinologi. Elles er prosjekta fordelt på 22 andre fagfelt.

80 forskingsprosjekt oppgjer tilknytning til eit satsingsområde i Nasjonal helseplan, og 60 % av disse er knytt til strategiområda kreft (37 %) og psykisk helse (23 %).

Det er 7 prosjekt som definerer seg innfor området Kvinnehelse i Nasjonal helseplan, (5 doktorgradsprosjekt, 1 postdoktorprosjekt og 1 fleirårig forskingsprosjekt). Til saman fekk desse prosjekta 3 % av forskingsmidlane tildelt i 2006. Det er ikkje råd å finne tal på søknader og tildeling innan dette området, (inndeling av søknader går ikkje på fagområde med på søknadstype, som doktorgradsstipend, korttidsstipend, fleirårig prosjekt m.v.). I rapporteringa spør ein heller ikkje om kva for analyser som er utført, og ein kan derfor heller ikkje gi tal på prosjekt som har gjort kjønnsespesifikke analyser. Tildelinga til 2006 syner at 38 % av prosjekta som fekk midlar er leia av kvinner. Det vert lagt opp til ei meir omfattande rapportering i høve til kvinnehelseperspektivet i 2007.

Over 60 % av regionen sine høgspesialiserte tenester har minst eit forskingsprosjekt som er heilt eller delvis finansiert av Helse Vest sine forskingsmidlar. Dei Helse Vest finansierte prosjekta utgjer imidlertid bare ein fjerdedel av de totalt 163 forskingsprosjekta ved dei høgspesialiserte tenestene i 2006. Frå tidlegare rapporteringar veit vi at Helse Bergen, Universitetet i Bergen, Norges forskningsråd, Helse og rehabilitering og legemiddelindustrien er andre finansieringskjelder.

Topplister

I faglig rapportering blir det kvart år presentert topplister innan forfattarskap i vitenskaplige publikasjonar for dei høgspesialiserte tenestene og innan andre publikasjonar og pågåande prosjekt. Mange namn går igjen frå år til år, og fleire er prosjektleiarar som også har fått midlar frå Helse Vest gjennom fleire år. Auken i forskingsproduksjon som synest i figur 1 gjenspeiler seg også på topplistene: Frå 2004-rapporten, der topplistene blei introdusert for første gong, har talet på vitenskaplige publikasjonar for førstemann på lista auka med 66 %, frå 12 publikasjonar i 2004 til 20 publikasjonar i 2006. Og ikkje minst, talet på forfattarar med minimum 10 vitenskaplige artiklar har auka frå 5 i 2004 til 17 i 2006.

Spesielle satsingar – psykisk helse og rus


Psykisk helse og rus er blant de områda som har hatt spesiell fokus i Det regionale samarbeidsorganet. Gjennom forprosjekter er det utvikla forskingsprogram som har danna grunnlag for Samarbeidsorganet sine handlingsplanar. Innan psykisk helse har dette ført til fleire gode søknader, og psykisk helse er ett av områda som har flest forskingsprosjekt, jfr tal frå 2006 vist over. I tillegg er det etablert tre forskingsnettverk innan områda angst, depresjon og psykose. Forskingsprogrammet for fagområdet rus blei levert våren 2006, og innspela derifrå har medvirka til at det i 2007 blei etablert et Regionalt kompetansesenter for tverrfaglig spesialisert behandling av rusmiddelavhengige, som har forskning og fagutvikling som sentrale oppgåver.

Forskningsaktivitet – nasjonal samanlikning

60 % av forskingsmidla som Helse Vest RHF får tildelt gjennom Statsbudsjettet er resultatbasert, dvs. basert på gjennomsnittlig forskingsproduksjon de siste 3 år. Forskningsproduksjon i denne sammenhengen er vitenskaplige artiklar og avlagte doktorgrader, som kan knyttes til eit sjukehus i regionen. Figur 2 syner forskingsproduksjonen i de fem regionale føretaka sidan 2000-2002.

Figuren syner at Helse Vest i dei to siste åra har større forskingsproduksjon enn Helse Øst og at det har vore ei markert vekst i aktiviteten dei siste åra.

Figur 2: Forskingsproduksjon (målt i publikasjonspoeng) for de regionale helseføretaka frå 2000



Oppsummering

Fagleg rapportering er ei viktig synleggjering av ei sentral del av verksemda i Helse Vest som det har vore satsa kraftig på og som ein no ser resultat av i form av auka forskingsaktivitet.

Rapporten gjer ein god oversikt over kva som skjer på forskingsfeltet i regionen, og aktiviteten knytt til dei høgspesialiserte tenestene. Helse Vest er og den regionen som har kome lengst i ei god og systematisk rapportering på dette feltet.

Forslag til vedtak

Styret i Helse Vest RHF tar rapporten "Faglig rapportering 2006" til orientering